



Innst. S. nr. 78

(2004-2005)

Innstilling til Stortinget frå energi- og miljøkomiteen

St.prp. nr. 17 (2004-2005), unntatt kapittel 3

Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2004 m.m. under Olje- og energidepartementet

Til Stortinget

SAMANDRAG

Olje- og energidepartementet legg i proposisjonen fram forslag til endringar på statsbudsjettet for 2004.

Vidare blir det gjort greie for:

- forslag om statleg garanti knytt til deponi for låg-radioaktivt avfall,
- budsjettkonsekvensar i samband med aksjesalet i Statoil ASA,
- oppfølginga av oppmodingsvedtak nr. 469 (2003-2004),
- bruk av fullmakter under Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE),
- endringar i eigarskap i anlegg på St. Fergus i Skottland,
- utviklinga i Snøhvit-prosjektet.

Dei foreslåtte endringane på statsbudsjettet for 2004 gjeld følgjande kapitler:

- Kap. 1800 Olje- og energidepartementet (jf. kap. 4800)
 - Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres
- Kap. 1810 Oljedirektoratet (jf. kap. 4810)
 - Post 1 Driftsutgifter
 - Post 21 Spesielle driftsutgifter
- Kap. 1820 Norges vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 4820 og 4829)
 - Post 1 Driftsutgifter
 - Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres
 - Post 22 Sikrings- og miljøtiltak i vassdrag, kan overføres

- Kap. 1825 Omlegging energibruk og energiproduksjon
 - Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres
- Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten
- Kap. 2490 NVE Anlegg (jf. kap. 5490, 5491 og 5603)
 - Post 24 Driftsresultat
- Kap. 2442 Disponering av innretningar på kontinentalsokkelen
 - Post 70 Tilskudd, overslagsbevilgning
- Kap. 4810 Oljedirektoratet (jf. kap. 1810)
 - Post 2 Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet
 - Post 3 Refusjon av tilsynsutgifter
 - Post 4 Salg av undersøkelsesmateriale
- Kap. 4811 Statoil ASA
 - Post 90 Salg av aksjer
- Kap. 4820 Norges vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 1820)
 - Post 1 Gebyr- og avgiftsinntekter
 - Post 2 Oppdrags- og samarbeidsvirksomheten
 - Post 40 Sikrings- og miljøtiltak i vassdrag
- Kap. 4860 Statsforetak under Olje- og energidepartementet
 - Post 70 Garantiprovisjon, Statnett SF
- Kap. 5490 NVE Anlegg (jf. kap. 2490)
 - Post 1 Salg av utstyr mv.

Budsjettkonsekvensar i samband med aksjesalet i Statoil ASA

Det vises i proposisjonen til at Stortinget i 2001 ga Olje- og energidepartementet fullmakt til å ta inn nye og andre eigarar i Statoil ASA (Statoil) i tillegg til staten tilsvarande 1/3 av verdien til selskapet, jf. St.prp. nr. 36 og Innst. S. nr. 198 (2000-2001). I samband med delprivatiseringa og børsnoteringa av selskapet i juni 2001 blei 18,3 pst. av aksjane i selskapet selde frå sta-

ten til nye eigarar. Olje- og energidepartementet gjenomførte i juli 2004 eit sal av om lag 116,8 mill. aksjar i Statoil.

Statens eigardel i selskapet er etter dette 76,3 pst. og inntektene frå sal av aksjar utgjer i alt kr 9 858 595 950. Totale utgifter i samband med salet var på om lag 25,2 mill. kroner.

Oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 469 (2003-2004)

Departementet følgjer systematisk opp alle olje- og gassfelt på norsk sokkel, medrekna prosjekta nemnd i oppmodingsvedtaket. Regjeringa gjorde framlegg om nokre justeringar i petroleumsskattesystemet i Revidert nasjonalbudsjett 2004 for mellom anna å stimulere til ny aktivitet.

Bruk av fullmakter under SDØE

I samband med den årlege handsaminga av statsbudsjettet gjev Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet, jf. St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2003-2004). I tillegg har Stortinget gjeve Olje- og energidepartementet fullmakter i samband med handsaminga av St.prp. nr. 24 og St.prp. nr. 41 (2003-2004), jf. Innst. S. nr. 65 og Innst. S. nr. 159 (2003-2004).

Olje- og energidepartementet gjer i proposisjonen greie for bruken av desse fullmaktene.

TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og det som står ovafor og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2004 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
Utgifter:				
1800	21	Olje- og energidepartementet Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 31 552 000 til 55 452 000		23 900 000
1810	1	Oljedirektoratet (jf. kap. 4810) Driftsutgifter, blir auka med		525 000
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med frå kr 55 600 000 til kr 73 600 000		18 000 000
1820	1	Norges vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 4820 og 4829) Driftsutgifter, blir auka med		500 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir redusert med . frå kr 54 000 000 til kr 49 000 000		5 000 000
	22	Sikrings- og miljøtiltak i vassdrag, <i>kan overføres</i> , blir auka med		4 100 000
		frå kr 69 250 000 til kr 73 350 000		

Endringar i eigarskap i anlegg på St. Fergus i Skottland

Olje- og energidepartementet ber i proposisjonen Stortinget slutte seg til at staten ved Olje- og energidepartementet kan godkjenne at Petoro AS kan delta i dei naudsynte transaksjonane knytt til Vesterled og FUKA.

Utviklinga i Snøhvit-prosjektet

Departementet viser til omtalen av Snøhvit-prosjektet i St.prp. nr. 1 (2004-2005). Det har ikkje komme noko nytt kostnads- og tidsoverslag i forhold til det som har vore omtala tidlegare. Operatøren, Statoil, planlegg å komme med eit oppdatert kostnadsestimat og ein oppdatert tidsplan for prosjektet innan utgangen av året.

MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Grethe G. Fossum, Rolf Terje Klungland og Synnøve Konglevoll, frå Høgre, Øyvind Halleraker, Siri A. Meling og Leif Frode Onarheim, frå Framstegspartiet, Øyvind Korsberg og Øyvind Vaksdal, frå Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland og Ingvild Vaggen Malvik, frå Kristeleg Folkeparti, Ingmar Ljones og lederen Bror Yngve Rahm, og frå Senterpartiet, Inger S. Enger, har ingen merknader til dei foreslåtte endringane på statsbudsjettet for 2004.

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
1825	21	Omlegging energibruk og energiproduksjon Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 11 800 000 til kr 13 100 000		<u>1 300 000</u>
2440	22	Statens direkte økonomiske engasjement i petroleums- virksomheten (jf. kap. 5440) Fjerningsutgifter, <i>overslagsbevilgning</i> , blir redusert med frå kr 10 000 000 til kr 0		<u>10 000 000</u>
	25 (ny)	Pro et contra-oppgjør, blir løyvd med		<u>100 000 000</u>
	30	Investeringer, blir redusert med		<u>400 000 000</u>
2442	70	Disponering av innretninger på kontinentalsokkelen Tilskudd, <i>overslagsbevilgning</i> , blir redusert med frå kr 170 000 000 til kr 140 000 000		<u>30 000 000</u>
2490	24	NVE Anlegg (jf. kap. 5490, 5491 og 5603) Driftsresultat		<u>0</u>
		Spesifikasjon:		
		Driftsinntekter	-44 000 000	
		Driftsutgifter	37 800 000	
		Avskrivninger	5 000 000	
		Renter av statens kapital	1 200 000	
				<u>0</u>
Inntekter:				
4810	2	Oljedirektoratet (jf. kap. 1810) Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet, blir auka med frå kr 31 800 000 til kr 49 800 000		<u>18 000 000</u>
	3	Refusjon av tilsynsutgifter, blir redusert med frå kr 9 500 000 til kr 7 500 000		<u>2 000 000</u>
	4	Salg av undersøkelsesmateriale, blir redusert med frå kr 1 000 000 til kr 0		<u>1 000 000</u>
4811	90 (ny)	Statoil ASA Salg av aksjer, blir løyvd med		<u>9 858 596 000</u>
4820	1	Norges vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 1820) Gebyr- og avgiftsinntekter, blir auka med frå kr 22 900 000 til kr 23 400 000		<u>500 000</u>
	2	Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet, blir redusert med . frå kr 41 400 000 til kr 36 400 000		<u>5 000 000</u>
	40	Sikrings- og miljøtiltak i vassdrag, blir auka med frå kr 14 400 000 til kr 18 500 000		<u>4 100 000</u>
4860	70	Statsforetak under Olje- og energidepartementet Garantiprovisjon, Statnett SF, blir redusert med frå kr 11 900 000 til kr 11 400 000		<u>500 000</u>
5440	1 (ny)	Statens direkte økonomiske engasjement i petroleums- virksomheten (jf. kap. 2440) Pro et contra-oppgjør, blir løyvd med		<u>120 000 000</u>
	24	Driftsresultat, blir auka med frå kr 59 400 000 000 til kr 84 400 000 000		<u>25 000 000 000</u>
		Spesifikasjon:		
		Driftsinntekter	127 600 000 000	
		Driftsutgifter	21 500 000 000	
		Lete- og feltutviklingsutgifter	-800 000 000	
		Avskrivninger	-14 200 000 000	
		Renter av statens kapital	-6 700 000 000	
				<u>84 400 000 000</u>

		Kroner	Kroner
30	Avskrivninger, blir redusert med frå kr 14 300 000 000 til kr 14 200 000 000		100 000 000
50 (ny)	Overføring fra Statens petroleumforsikringsfond, blir løyvd med		800 000 000
80	Renter av statens kapital, blir redusert med frå kr 7 200 000 000 til kr 6 700 000 000		500 000 000
5490	NVE Anlegg (jf. kap. 2490)		
1	Salg av utstyr mv., blir redusert med frå kr 1 200 000 til kr 500 000		700 000

II

Stortinget samtykkjer i at staten ved Olje- og energidepartementet kan godkjenne at Petoro AS kan delta i transaksjonar knytt til Vesterled og Frigg UK Association.

Oslo, i energi- og miljøkomiteen, den 7. desember 2004

Bror Yngve Rahm
leiar og ordførar